Til: Fyresdal kommune

Frå: Anette Lie Fyresdal, 27.09.2026

Sak 2025/183 – Endring av rammeløyve gbnr. 38/133–134

Supplerande merknad til klage av 12.08.2026 på delegert vedtak nr. 187/26

Eg viser til kommunen sitt brev av 24.09.2026 og dokumentasjonen som er sendt ut i samband med klagebehandlinga, mellom anna oppdatert støyrapport og visualiseringar.

Klagen av 12.08.2026 blir oppretthalden fullt ut.

Den oppdaterte støyrapporten legg til grunn at det må etablerast ein samanhengande støyskjerm rundt kjølemaskinane på taket for at anlegget skal tilfredsstille støykrava. Rapporten viser vidare at anlegget omfattar totalt 176 kjølemaskiner og 176 nødstraumsaggregat. Støyskjerminga er dermed ein nødvendig del av den valde utbyggingsløysinga, ikkje eit underordna teknisk tillegg.

Ein 4,5 meter høg samanhengande skjerm kan ikkje reknast som *«ventilasjonsrøyr, piper og liknande»*, men som ein del av bygget sitt samla volum og framtoning. Dette er den same problemstillinga som Statsforvaltaren tidlegare peika på når det gjeld byggehøgd, plassering og visuelle kvalitetar.

Visualiseringa frå vest gir støtte til at støyskjerminga inngår i det visuelle uttrykket til anlegget og må vurderast som ein del av det samla volumet.

Utbygginga sitt omfang, samla støy og avgjerdsgrunnlaget

Den oppdaterte støyrapporten opplyser uttrykkeleg at samla støybelastning frå fleire kjelder ikkje er vurdert, samstundes som rapporten viser til at kommunen har ansvar for å samordne støy frå ulike kjelder.

Etter at klagen vart sendt inn har kommunen motteke søknad om dispensasjon for etablering av eit mellombels anleggsområde på gbnr. 38/18 datert 08.09.2026. Anleggsområdet er planlagt etablert i direkte tilknyting til datasenterutbygginga på gbnr. 38/133-134 og omfattar mellom anna betongproduksjon, rigg- og brakkeområde, tekniske installasjonar, parkering, mellomlagring av utstyr og massar samt avfallshandtering. Tiltaket krev dispensasjon fordi reguleringsplanen legg opp til at slik anleggsrelatert verksemd skal lokaliserast innanfor KBA_1, medan det omsøkte området ligg på areal regulert til hestesport og LNF-formål. Søknaden byggjer vidare på ei eiga støyutgreiing med tittelen *«Heidelberg Fyresdal, Støy fra betongfabrikk»,* datert 22.05.2026.

I kommunen sitt saksframlegg datert 22.09.2026 er det innstilt på å gi dispensasjon for drift av anleggsområdet i inntil fire år. Kommunen har vidare opplyst at avstanden frå tomtegrensa der anleggsområdet er planlagt til tomtegrensa for eigedomen min er om lag 160–170 meter. Samstundes er det opplyst at det første datasenterbygget er planlagt å stå ferdig i 1. kvartal 2027. Dette inneber ein konkret risiko for at betongproduksjon, anna anleggsverksemd og drift av fleire datahallar vil gå føre seg samstundes i delar av dispensasjonsperioden. Eg kan ikkje sjå at denne situasjonen er vurdert i den oppdaterte støyrapporten eller elles i avgjerdsgrunnlaget.

Kommunen viser i saksframlegget til at reguleringsplanen i utgangspunktet legg opp til at anleggsrelatert verksemd skal etablerast innanfor KBA_1, medan det no er søkt om dispensasjon for eit nytt anleggsområde på om lag 30 daa utanfor dette området for å tene den same utbygginga. Dette illustrerer ikkje berre mellombelse tiltak, men eit vesentleg auka arealbehov og nye støttefunksjonar knytte til prosjektet. Sjølv om tiltaka er tidsavgrensa til fire år, er dei relevante for forståinga av utbygginga sitt samla omfang og dei verknadene prosjektet vil ha gjennom bygge- og innkøyringsfasen.

Samstundes er nærliggande bustadeigedomar ikkje høyrde i dispensasjonssaka, trass i den korte avstanden til tiltaket. Eg har derfor utarbeidd «*Vedlegg 1 – Situasjonsplan Molandsmoen»,* datert 27.09.2026. Situasjonsplanen er basert på offentleg tilgjengeleg kartgrunnlag og situasjonsplanen for det omsøkte anleggsområdet slik denne går fram av «*Plan for overvannshåndtering Nordby Maskin»,* datert 06.08.2026. Situasjonsplanen viser datasenteret, det mellombelse anleggsområdet på gbnr. 38/18 og brakkelandsbyen på gbnr. 38/135 i samanheng, og illustrerer korleis desse tiltaka inngår som delar av den same utbygginga.

Dette understrekar behovet for ei særleg grundig og sjølvstendig vurdering av dei samla verknadene for nærliggande bustader. På denne bakgrunnen er det framleis ikkje dokumentert at saka er tilstrekkeleg opplyst etter forvaltningslova § 17, slik Statsforvaltaren etterlyste i opphevingsvedtaket av 24.06.2026.

Oppsettande verknad

Kommunen har avslått kravet om oppsettande verknad med grunngjevinga at klagene gjeld delar av tiltaket som ligg lenger fram i tid. Etter mi vurdering er denne grunngjevinga ikkje i samsvar med den faktiske framdrifta i prosjektet. Utbyggjar opplyser sjølv at den første datahallen i september 2026 er under oppføring med stålkonstruksjonar, tak og vegger, medan arbeid med fleire av dei neste bygga allereie er igangsett. Klagen gjeld nettopp bygga si høgd, volum og visuelle utforming. Dei forholda som er påklaga blir derfor fortløpande realiserte gjennom den pågåande utbygginga og kan etter mi vurdering ikkje karakteriserast som forhold som ligg «lenger fram i tid».

Dersom klagen heilt eller delvis får medhald etter at bygga er oppførte, vil det vere vesentleg vanskelegare å rette dei forholda klagen gjeld enn medan tiltaket framleis er under oppføring. Dette gjeld særleg byggehøgd, samla volum og visuell utforming, og er etter mi vurdering eit sentralt moment ved vurderinga av oppsettande verknad etter forvaltningslova § 42.

Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje, legg eg til grunn at saka straks blir oversendt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Eg ber samtidig om at spørsmålet om oppsettande verknad blir særskilt framheva ved oversendinga og vurdert snarast mogleg. Dei påklaga forholda blir fortløpande realiserte gjennom den pågåande utbygginga, og vidare framdrift kan føre til at klagebehandlinga i praksis får vesentleg redusert verknad dersom forholda er ferdig realiserte før saka er endeleg avgjord.

På denne bakgrunnen opprettheld eg klagen av 12.08.2026 i sin heilskap. Etter mi vurdering gir den supplerande dokumentasjonen ikkje grunnlag for å endre dei innvendingane som er fremja i klagen.

Med venleg helsing

Anette Lie

Vedlegg 1 - Situasjonsplan Molandsmoen